



# Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

NR. 1 | PÅSKENUMMER | 2015 | 92. ÅRG.



# KVA FOR SLAGMARKER FINST HOS DEG?

Sitting Bull er kanskje den mest berømte av alle indianarar – mykje på grunn av sin klokskap og sitt mot. I siste halvdel av 1800-talet var han den samlande leiaren for fleire indianarstammar. Det var planlagt at jernbanen skulle gå gjennom jaktmarkene til indianarane. Sitting Bull tok med seg 500 krigarar til Yellowstone-elva for å snakke med myndigheitene. Då dei kvite såg at Sitting Bull kom med alle krigarane sine, rekna dei med at han ville krige, og begynte å skyte. Dei kvite soldatane var i dekning, medan indianarane stod heilt ubeskytta. Sitting Bull var avventande, men krigarane hans ville vise at dei var modige. Dei tykte Sitting Bull var feig. Difor rei dei utan ordre rett mot fienden og mange av dei blei skutt ned.

Sitting Bull skjøna at han måtte gjere noko, elles ville altfor mange miste livet.

Plutseleg reiste den store indianaren seg. Den digre fjærpryden gjorde han godt synleg for fienden. Han la våpna sine på bakken, tok med seg ei pipe, og gjekk ut på sletta mellom indianarane og soldatane.

Midt ute på sletta sette Sitting Bull seg, og tente pipa, langsamt og avslappa. Etter ei stund, kom nokre av krigarane hans og delte pipa med han. Medan kulene slo i bakken rundt dei, reinsa Sitting Bull pipa, og gjekk roleg tilbake med indianarane sine.

Dette overgjekk alt. Verkeleg modig gjort!

Sitting Bull levde heile livet med ein stadig trussel om krig. Han kunne drepe både frå hesteryggen og på bakken. Men det største og modigaste han gjorde var likevel då han satt slik på slagmarka utan våpen. Han våga livet og viste stort mot.

Det er ikkje berre i krigar det finst slagmarker. På skulen og arbeidsplassen kan stygge ordkrigar utvikle seg, og mange vil vinne. Det kan til og med bli verkelege slåstkampar. Men minst like ille og kanskje meir vanleg er den usynlege undertrykkinga. Nokon vil dominere og bestemme over andre, og nesten alltid er det nokon som blir offer.

Altfor sjeldan er det menneske som Sitting Bull, som har mot til å legge ned våpna.

Slik som han våga å gå rett inn mellom dødelege kuler, trengst det menneske som tek sjansen på å bli såra og utskjelt – for å vise vegen til fred.

Mot er ikkje å slå hardast eller få siste ordet, men å våge å stå opp for det gode – også når det ubehagelege skjer.

I Efesarbrevet står det:



*«Lyft trua høgt til skjold i alt som hender! Med det kan de sløkkja alle brennande piler frå den vonde.*

**Ef. 6,16**

Jesus blei frivillig tatt til fange, torturert og drept, trass at han hadde makt til å overvinne sine fiendar. Han viste oss meir tydeleg enn alle ord kven Gud er. Måtte han utruste med sin kjærleik i kampen mot vondskapen. Måtte han gje oss mot til å gå med tilgjeving der det er hat- og hemntankar.

KNUT ARNE KUMMENEJE

# MISJONSTAUET

## Årgang 1842...

Det norske misjonsselskapet vart etablert i 1842. I 1844 reiste den første norske misjonæren ut i verda, og kom til Zululand i det sørlege Afrika. Der starta han arbeidet til Det norske misjonsselskapet. Hans Paludan Smith Schreuder heitte han. Han var frå Sogndal, og var truleg ganske tålmodig i arbeidet sitt. Det tok nemleg 14 år før den første av dei innfødte afrikanarane blei døypt. Det var i 1858. Dette var starten på eit stort og viktig arbeid som Det norske misjonsselskapet fortsatt driv både i Norge og rundt i verda.

I februar fekk Askvoll-konfirmantane besøk av Ingvald Frøyen frå Det norske misjonsselskapet. Ingvald fortalte oss kva misjon er i dag. Misjon handlar meir om å bry seg om enn å forkynne. Ingvald sa: «Først må menneske kjenne at dei er sett og verdsett – at nokon bryr seg om dei. Det er utgangspunktet for all misjon.»

Misjon av i dag er hjelpearbeid og haldningsskapande arbeid i ulike kulturar i verda. Det norske misjonsselskapet, NMS, arbeider for å betre levekåra for mange menneske. I Askvoll støttar vi arbeid som NMS driv blant gatebarn i Thailand. Ingvald har sjølv vore misjonær i Mali, og fortalde om korleis det har blitt fleire kristne medan han var misjonær der i 8 år. Misjonærene i Mali begynte, som Hans Schreuder, nærast med ingenting. No hjelper dei menneske til eit betre liv – mellom anna med å skaffe reint drikkevatt – samt gje råd om betre hygiene i samband med fødsel og forsøke å endre dei kulturelle haldningane i forhold til omskjering av kvinner. Ingvald fortalde om store framskritt. Omskjeringa er ei



*Kyrkjeklokkene seier kom, og vi kjem til kyrkja. Vi kjem til kyrkja for å møte Jesus og ta imot dei gåvene han vil gje oss i gudstenesta. Men har de høyrte kva klokkene seier heilt mot slutten i gudstenesta? Dei ringer tre gonger tre – og så er det slutt. «Gå!» seier presten og kyrkjeklokkene. Vi skal ikkje bli verande i kyrkja, men gå ut i kvardagen, ut i livet. Der skal vi ta trua og Jesus med oss, å dele og tene. Slik vert alle sendt ut for å vere vitne om Jesus, og å gjere godt mot andre. Misjon er å vere sendt, og alle kristne er sendt. Alle bli invitert: Kom! Og alle blir sendt: Gå!*

overgangsrite frå barn til vaksen, men Ingvald fortalde at mange av dei eldre kvinnene som før dreiv med omskjering unge jenter, hadde blitt «omskolert» til fødselshjelparar i staden. Samtidig gjekk dødsprosenten blant spebarn og fødande kvinner dramatisk ned. Dette viser at det går an å endre haldningane i kulturar for å gje menneske eit betre liv. Det nyttar!



*Misjonstauet: Forteljinga om kyrkja tok til med Jesus. Jesus sa til Peter: «No får du og dei andre ansvaret her i verda.» Dei fortalte det vidare til andre menneske som vart døypt og kom med i kyrkja, og på 900-talet kom kyrkja til Noreg. Så er vi i dag i 2015. Vi står i ei lang historisk rekke som går tilbake til Jesus. Kven har no ansvaret for å gje forteljinga vidare? Alle som er døypte og kristne, har del i dette ansvaret. Det er dette vi kallar misjon: å gje vidare det vi sjølv har fått i trua.*



# KVEN SKAL STYRE KYRKJA VÅR?

**Den 14. september er det val på nytt sokneråd, og fram til 1. mai kan du påverka kven som skal stå på lista over kandidatar.**

Forslag på kandidatar til soknerådet kan meldast til nominasjonskomiteen i Askvoll sokneråd ved Kari Berit Ness, tlf. 975 82 096, innan 15. april 2015. Medlemer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2015 fyller 18 år kan veljast.

## Alternative lister

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomite som skal setje saman ei valliste. Det er i tillegg høve for andre å levere inn eigne kandidatlistar innan fristen 1. mai 2015. Forslag til kandidatlistar skal vere underskrivne av 10 røysteføre medlemer. Kontakt kyrkjekontoret for å få vita krav til kva opplysningar som skal vera med om kvar kandidat. Alle kandidatlistar skal ordnast i prioritert rekkefølge (ikkje alfabetisk). Kandidatlistar bør om mogeleg ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år.

## To val

Kyrkjevalet finn stad 13.–14. september 2015, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på fire leke medlemer av bispedømerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet. Medlemene av bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemer i Kyrkjemøtet, det høgste organet i Den norske kyrkja. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkestingsvalet og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemer av kyrkja vil få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan røysta.

## Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje.

Her er nokre eksempel på ansvarsområda til soknerådet:

- Trusopplæring blant døypte mellom 0–18 år
- Diakonal teneste (omsorgstenesta i kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Utleige av kyrkja
- Samarbeid med frivillige
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden
- Forvaltning av kyrkjer og gravplassar
- Gravferdsmynde i kommunen
- Arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja
- Administrasjon og økonomi

Kyrkjevalet  
2015

Det er 10 medlemer i Askvoll sokneråd utanom representant for kommunen og geistleg representant. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. Medlemmene er valde for fire år. Soknerådet møtest om lag ti gonger i året.

## Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du medverkar til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert ein del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan syta for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan syta for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreerfaring som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv.

Kjelde: [kyrkja.no/val](http://kyrkja.no/val)



Illustrasjonsbilete.



# INTERVJU MED EIT SOKNERÅDSMEDLEM



**Anne Grethe Lien frå Holmedal er nestleiar i Askvoll sokneråd. Ho har vore med i soknerådet dei siste to periodane, altså i snart 6 år. Kyrkjebladet møtte Lien under ei dugnadsøkt i Holmedal kyrkje, for å finne ut korleis ho opplever vervet som soknerådsmedlem.**

## **Korleis har du opplevd tida di i soknerådet?**

Det var mykje nytt å sette seg inn i, den første tida. Alt i frå korleis kyrkja er organisert, ansvarsforhold og alle oppgåver som ligg til soknerådet. På den eine sida skal rådet bidra og legge til rette for aktivitet og deltaking i kyrkjelydsarbeidet. På den andre sida skal rådet ha fokus på drift, vedlikehald, økonomistyring og personaloppfølging. Det har vert ei spennande og lærerik tid, og eg har lært utruleg mykje innanfor alle desse områda.

## **Er det særskilte saker du synest har vore spennande å arbeide med?**

Rehabilitering av Askvoll kyrkje frå oppstart av prosjektet til ferdig resultat har vore ei spennande og lærerik reise. Det var veldig kjekt å delta på 150-års jubiléet i ei nyrestaurert kyrkje, og eg synes resultatet vart kjempeflott.

## Kyrkjevalet 2015

### **Kva krevjande saker eller periodar har det vore i desse 6 åra?**

Ein lang periode var vi utan daglig leiar ( kyrkjeverje), som førte til mykje ekstra på leiar og nestleiar, i tillegg til den øvrige staben ved kyrkjekontoret. Tunge og krevjande saker har vore nedskjæringar pga økonomi.

### **Til hausten er det val. Kva utfordrande og spennande saker ventar det nye rådet?**

Nokre prosjekt som er i gang er utbygging av Askvoll gravplass, rehabilitering av Kvammen kapell, oppussing og vedlikehald av Holmedal kyrkje fram mot 150 års jubiléet i 2018. Ei anna viktig utfordring er oppfølging av trusopplæringsplanen for barn frå 0 til 18 år, og auka deltaking og bruk av kyrkjene våre.

### **Kven kan stå på vallista til nytt sokneråd?**

Alle som er over 18 år og medlem av Den norske kyrkja kan stille til val.

### **Er det noko anna du vil føye til?**

Soknerådsarbeid er kjekt og lærerikt. I forhold til møte virksomhet har vi ca 10 møter i året, i tillegg til enkelte utvalsmøte. Vi har ein dagleg leiar (Rune Ziener) som gjer ein veldig god jobb, ilag med den andre faste staben. Sakene til møta er godt førebudd og enkle å sette seg inn, og det er heldigvis ikkje mykje møtepapir. Som medlem i soknerådet har ein stor påverknadskraft i forhold til å sette ting ut i livet, og kunne vere med å gjere ei endring.

Avslutningsvis vil eg anbefale at du tar utfordringa, og stiller til val.

Hald deg oppdagert om kyrkjevalet på:

[www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)



# INTERVJU MED ANNA PROSKURNINA



**Født Murmansk 02.11.1981.**  
**Busett i Holmedal**  
**Gift med Anton Proskurnin**

## **Yrkeserfaring/jobb**

I Russland jobba eg som rekvisitør i teater i 5 år og har jobba som legesekretær i Murmansk i ca 2 år. Har også arbeidserfaring som manikyrerist/pedikyrerist, og er tilsett hos Storm Frisør i Askvoll innan dette faget.

I tillegg til dette arbeider eg som kyrkjjetenar for kyrkjene i Askvoll, Holmedal, Vilnes og Kvammen. Eg har også ansvar for reinhaldet på Askvoll kyrkjekontor.

## **Kva var grunnen til at du flytta til Askvoll?**

Mannen min Anton er organist i Askvoll sokn, så då flytta eg etter i april 2013.

## **Kva arbeidsoppåver har du som kyrkjjetenar?**

Som kyrkjjetenar har eg ansvar for å legge til rette slik at kyrkjene er klargjorte til gudsteneste og andre kyrkjelege handlingar og passe på at alle føler seg velkomne.

## **Trivs du i jobben, og kan du anbefale andre å arbeide i kyrkja?**

Ja, eg trivast godt i jobben og kan anbefale andre å jobben innan kyrkja.

## **Kan du fortelje litt om hobbyane dine?**

Eg liker å jobbe med alt innan handarbeid som strikking, hekling, makrame og maling.

Noko eg ikkje hadde gjort før eg kom til Norge, var å bake kaker med marsipan. Dette har vorte ein stor hobby for meg, og det er veldig kjekt å få bestilling for å lage kake til bursdagar og andre tilstellingar.

Spesielt artig er det å få utfordring med individuelt tilpassa tema på kakene.

## **Korleis opplever du jobben din?**

Samarbeid med andre syns eg er givande, og det sosiale møte med menneske gir meg det som trengs for å trivast i jobben. Syns det er givande å kunne hjelpe presten med dei kyrkjelege oppgåvene.



*Her er eit døme på ei av Anna sine fantastisk flotte bakverk. Dette er ein tro kopi av ny Norsk salmebok som vart laga i samband med 50-årsfeiring til Knut Arne Kummeneje.*



Kyrkjebladet har også fått Anna til å skrive litt om russisk påskefeiring

## PÅSKEFEIRING PÅ RUSSISK

Påskan er en av de viktigste høytider i Russland. Russerne ferierer Påskan noen uker etter nordmenn. Det er fordi russerne fulgte imidlertid den julianske-kalendaren, ikke den gregorianskekalendaren. I tillegg har både russerne og nordmenn noen andre navn på uke før Påske: «Den stille uken» – på norsk og «Den store uken» (nemlig «Lidelsesuken») – på russisk. Den begynner på Palmesøndag og er til dagen før Påske. I den protestantiske kirke går påskegudstjeneste til vanlig tid, søndag førmiddag. I den russisk ortodokse kirke begynner markeringen påskeaften, altså lørdagkveld, og fortsetter utover nattetimene natt til søndag.

Alle søndager er en ihukommelse av Jesus siste måltid og hans død og oppstandelsen. Påskenaattsgudstjenesten er preget av minst disse særegenhetene: 1. Det er den første «normallengde-liturgien» etter fasten-i fastetiden benytter en lengre liturgi. 2. Prekenen i denne liturgien er en gammel preken skrevet av helgenen Jon Gullmunn. Denne prekenen er veldig slående – et retorisk mesterverk, tema er at nå er alle velkommen til nattverd enten en har fastet eller ikke, for Kristus har stått opp og trampet på døden. 3. Evangelieteksten denne dagen er alltid «I begynnelsen var Ordet». 4. I morgengudstjenesten og liturgien synger menighet og prest mange, mange ganger forskjellige varianter av at «Kristus er stått opp fra de døde. Med døden nedrampet han døden og til dem i gravene gav han liv».

Påkehilsenen er «Hristås våskrese!». Til dette skal en hilse tilbake med «Váistino våskrese!». Det betyr «Kristus er oppstanden!», «I sannhet oppstanden!». Utover det er det vanlig å si: «Gratulerer med festen».

Når det gjelder Påske, så er den første påskeuken pluss første søndag etter Påskedag det som det er riktigst å kalle «Påske» – i de gresk-ortodokse kirkene, for eksempel den russiske ortodokse kirken, feiren en faktisk påskenaattsliturgien hver dag i disse åtte dagene. Den norske lutherske kirken har noe av det samme med sin 2. påskedag – det er en rest av det med hele denne uke kalles påskeuke. For det er den uken som blir kalt «påskeuken» – på russisk (et annet vanlig navn på denne uke er «Den lyse uken»). Men selve påsketiden var lenger enn påskeuke, faktisk nesten helt fram til Pinse, frem til da er det gjerne skikk og bruk at alle fromme russiske gresk-ortodokse kristne hilser hverandre med «Kristus er oppstanden! Sannelig oppstanden!».

**Anna Proskurnina**

# DEN STORE FORTELJINGA

Minikonfirmantane var invitert til å vere med på «Den store forteljinga» – eit bibelkurs der vi har fokus på bibel-forteljingar frå begge testamanta – med særleg vekt på Jesu liv. I gudstenesta fekk borna kvar sin konfirmantbibel. Dei hadde førebudd gudstenesta – m.a. med eit dramastykke om såmannen – der frøa såmannen sår, er eit bilete på Guds Ord. Det er ikkje alltid frøet spirer så godt. Det kjem an på jordsmonnet. Også Guds Ord kan ha vanskeleg for å slå rot blant menneska. Men nokre slår rot og veks – og gjev god grøde.



Minikonfirmantane øver på 5-teiknsbøna. Her gjer dei den første rørsla som har denne bøna: «Kjære Gud, du er hos oss. Tenn ditt lys i oss.»

## Nemn tre ting du likte og som du trur du kjem til å hugse frå tida som minikonfirmant

### SANDER:

- Eg likte å få Bibelen.
- Det var kjekt å ha skodespel.
- Det var kjekt å få omvising i kyrkja, spesielt at klokka ringte.

### ERIKA:

- Eg fekk vere med å spele eit rart og veldig lite skodespel.
- Vi fekk sjå teiknefilmar om Jesus.
- Vi fekk synge, det var gøy!

### NORA:

- Vi hadde skodespel.
- Knut Arne fortalde og vi såg video om når Jesus stod opp frå dei døde.
- Vi stod på rekke og forskjellige bevegelsar.

### NICOLAI:

- Alt var kjekt!

### REBECCA IREN:

- Det var kjekt!
- Vi fekk utforske kyrkja.
- Eg snubla i tauet så kyrkjeklokka ringte.

### VIVIANN:

- Eg lærte nye songar.
- Vi spelte skodespel om «Såmannen».
- Vi såg filmar om Bibelen.



# BARNESIDA

Vi i kyrkjebladet har denne gongen vore så heldige at 4. og 5. klasse på Gjelsvik skule har laga barnesida til påskenummeret. Vi fekk inn masse fint stoff, og dessverre har vi ikkje plass til å ta inn alt. Vi seier tusen takk til 4. og 5. klasse på Gjelsvik skule!

4. Klasse



5. Klasse

**TAKK**

Takk for at det ikkje er krig her  
 Takk for du skapte verda  
 Takk for at skapte mamma og pappa  
 Takk for at du er nær oss heile tida  
 Det er godt at har mange venner **Nikolas**

**TAKK**

Eg vil takke for familien min  
 Eg vil takke for at eg har venner  
 Eg vil takke for maten  
 Eg vil takke for at eg får leike  
 Eg vil takke for at eg får gå på skule  
 Det er gøy å bu her og ha det godt **Kristoffer**

LEITEKRYSS

G	E	T	S	E	M	A	N	E	J
P	A	L	M	E	R	L	A	D	E
Å	M	A	R	I	A	K	G	L	R
P	F	E	N	G	E	L	O	S	U
I	E	O	R	D	Å	K	L	I	S
L	S	J	E	S	U	S	G	S	A
A	O	E	E	S	E	L	A	A	L
T	J	R	E	T	E	P	T	D	E
U	A	D	I	O	N	S	A	U	M
S	I	K	O	R	S	E	F	J	D

Fin 13 ord. Dei står loddrett og vassrett, framlengs og baklengs. Tema er påske

Skaparen

+

Fridag

Viktig person i kyrkja

Blei hengt opp på korset



# Fjordane

BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

Lindbøen 2      6809 Førde      Vakttelefon 57 82 70 30

Markegt. 42      6900 Florø      Vakttelefon 57 74 31 36

Lailas Blomster      Telefon      57 73 02 95

Vil du sjå din annonse her?

Kontakt kyrkjekontoret!

# I KYRKJELYDEN ASKVOLL SOKN

## DØPTE



### ASKVOLL


- 25.01.15 William Strømmen
- 25.01.15 Tuva Ask
- 08.02.15 Timian Gabrielsen Breidvik

### VILNES

- 15.02.15 Kaspian Vilnes Mjåseth
- 08.03.15 Ive Alvida Stølen

### KVAMMEN

- 22.02.15 Liam Hestvik Osland
- 22.02.15 Emil Gjelsvik Helleland
- 15.03.15 Benedikte Veiesund
- 15.03.15 Tora Sofie Gjelsvik



## NÆR TO MILLIONAR TIL KVAMMEN KAPELL

Askvoll kommune har løyvd nær to millionar i årets budsjett til Kvammen kapell. Soknerådet har fått utarbeidd ein tiltaksanalyse og tiltaksplan, og det er planlagt ei ombygging av takkonstruksjonen og utskifting av ytterdører. Vonleg vil sjølve arbeidet ta til i haust, og ein vil få slutt på lekkasjane inn i bygget, som har vore eit betydeleg problem i mange år.

## VIGDE



### KVAMMEN

- 29. november Irene Jane Hestvik og Leon Årdal



## KYRKJELYDENS ÅRSMØTE 12. APRIL

Etter gudstenesta i  
**Holmedal kyrkje 12.  
april kl. 11.00**

vert det årsmøte for Askvoll sokn.

Her vert det utanom vanlege årsmøtesaker teke stilling til ny lokal gudstenesteordning etter to års mellombels ny ordning.

Det vert også kyrkjekaffi.

**Askvoll sokneråd**

## GRAVLAGDE



### ASKVOLL

- 03. desember Aase Sandøy f.1943
- 05. desember Valdemar Ask f.1938
- 22. desember Oddmund Eimind f.1931
- 14. januar Laura Marie Kjempenes f.1924
- 16. januar Gerd Vatsøy f.1935
- 20. januar Sigrid Loftheim f.1925
- 10. februar Olaug Anny Flaten f.1932

### HOLMEDAL

- 11. desember Marta Vårdal Monsløp f.1917

### VILNES

- 06. februar Agathe Karin Herland f.1947

### STONGFJORDEN

- 13. februar Hjørdis Sofie Mjåset f.1922



### VILNES KYRKJE

**Palmesøndag** 29.03. kl.11.00

### HOLMEDAL KYRKJE

**Skjærtorsdag** 02.04. kl.19.00

### KVAMMEN KAPELL

**Langfredag** 03.04. kl.19.00

### ASKVOLL KYRKJE

**Påskedag** 05.04. kl.12.00

### BULANDET KAPELL

**Påskedag** 05.04. kl.11.00

### KONFIRMASJONGUDSTENESTER FOR 2015

Holmedal kyrkje	26. april	kl. 11.00
Askvoll kyrkje	03. mai	kl. 11.00
Vilnes kyrkje	09. mai	kl. 11.00
Bulandet kapell	24. mai	kl. 12.00
Værlandet kapell	24. mai	kl. 10.00
Stongfjorden kapell	24. mai	kl. 10.00
Kvammen kapell	24. mai	kl. 12.00



# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE



## ASKVOLL KYRKJE

**05. april kl.12.00. Dåp.**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**19. april kl.15.00. Dåp.**  
Samtalegudsteneste med konfirmantane ved Knut Arne Kummeneje. Kyrkjekaffi.

**03. mai kl.11.00.**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**17. mai**  
**(klokkeslett vert fastsett seinare)**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**31. mai kl.11.00.**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Kyrkjekaffi.

**14. juni kl.11.00.**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



## STONGFJORDEN KAPELL

**24. mai kl.10.00.**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.



## HOLMEDAL KYRKJE

**02. april kl.19.00. Dåp.**  
Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.

**12. april kl.11.00.**  
Barnas påskekudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Kyrkjelydens årsmøte. Kyrkjekaffi.

**26. april kl.11.00.**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**17. mai kl.11.00.**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**07. juni kl.11.00.**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

**21. juni kl.12.00.**  
Friluftsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



## KVAMMEN

**03. april kl.19.00.**  
Kveldsmesse ved Knut Arne Kummeneje.

**10. mai kl.11.00.**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**24. mai kl.12.00.**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

**14. juni kl.19.00.**  
Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.

**19. juni kl 9.30.**  
Barnehage- og skulegudsteneste.



## BULANDET KAPELL

**05. april kl.11.00.**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

**03. mai kl.11.00.**  
Gudsteneste ved prost Reidar Knapstad.

**24. mai kl.12.00.**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**21. juni kl.11.00.**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.



## VILNES KYRKJE

**27. mars kl.13.15.**  
Barnehage- og skulegudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**29. mars kl.11.00. Dåp.**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**09. mai kl.11.00.**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

**07. juni kl.19.00.**  
Kveldsmesse ved Stein Hugo Fykse.



## VÆRLANDET KAPELL.

**24. mai kl.10.00.**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Sjå [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)  
for oppdatert  
gudstenesteliste

# OPPRUSTING AV HOLMEDAL KYRKJE



*Nymalt golv i skipet – no begynner det «nye» kyrkjerommet å ta form.*

Dei første tre månadene i år har det vore mykje dugnadsaktivitet i Holmedal kyrkje. Dette arbeidet tok til i samband med at ein skulle fjerne dei gamle rørovnane og erstatte desse med nye benkevarmarar og skifte ut elektrisk anlegg. Ein skulle pusse opp golva i kyrkjeskipet, koret og dei to sakristia i og med at det var rørovnar i alle desse romma.

Då ein var i gang med målearbeidet på dugnad, var det ledige budsjettmidlar til å male opp at veggflater i heile kyrkjebygget.

Utanom dette oppussingsarbeidet er det fjerna ein del benkar både framme og bak i kyrkjerommet, og det var sett av budsjettmidlar til kjøp av møblar til barnekroken, samt ny benke- og skåpløysing til dåpssakristiet.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Askvoll**

## KONTAKT OSS



RUNE ZIENER  
Dagleg leiar/kyrkjeveerje

☎ 479 63 319  
✉ [kyrkjeveerje@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjeveerje@askvoll.kyrkja.no)



MARIT VEBERG ASK  
Kyrkjeseekretær

☎ 918 74 724  
✉ [kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no)



STEIN HUGO FYKSE  
Sokneprest

☎ 909 60 154  
✉ [sokneprest@askvoll.kyrkja.no](mailto:sokneprest@askvoll.kyrkja.no)



BENTE MYHRE STRØMMEN  
Trusopplærar

☎ 930 07 372  
✉ [bente.strommen@eninvest.net](mailto:bente.strommen@eninvest.net)



ANTON PROSKURNIN  
Organist

☎ 482 32 977  
✉ [organist@askvoll.kyrkja.no](mailto:organist@askvoll.kyrkja.no)



KNUT ARNE KUMMEJEJE  
Spesialprest (barn/unge)

☎ 908 55 230  
✉ [knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no](mailto:knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no)

## ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)

Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)

Facebookside: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](https://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll)

**Kontortid:** tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

**Beredskapstelefon:** 954 83 152 ved akutt behov for prestatjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

**Kyrkjebladredaksjonen:** Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask, Bente Myhre Strømmen

**Leiar Askvoll sokneråd:** Ole Andreas Myrstad 906 32 818